



TUNNEL: Slik kan Stad skipstunnel verte.

Likevel millionar til Stad Skipstunnel

Regjeringspartia har blitt samde om å løyve 5 millionar kroner på Statsbudsjettet 2020 til å sikre framdrift i vidare planlegging av Stad Skipstunnel, skriv ordførar Alfred Bjørlo i Stad kommune i ei pressemelding.

– Vi er glade og letta over at Høgre, Frp, Krf og Venstre på Stortinget no sikrar at framdrifta i arbeidet med Stad

Skipstunnel kan halde fram, slik at det er mogleg med byggestart for Stad Skipstunnel i 2021 som føresett i Nasjonal Transportplan. Det seier Alfred Bjørlo (Venstre, ordførar i Stad kommune), Stein Robert Osdal (Krf, ordførar i Selje kommune), Geir Årvik (Høgre, leiar i Samfunns- og næringsutvalet i Stad kommune) og

Per Tore Borgund (leiar i Stad Frp). – Det som no er viktig er at Kystverket får naudsynte midlar til å jobbe med vidare planlegging av prosjektet, og til det har H, FrP, KrF og V sett av kr. 5 mill i Statsbudsjettet. Eg er sjølv sagt både glad og takksam for at ein no tildeler midlane vi ba om i denne runda, slik at planlegginga held fram til den

store løyvinga må kome i budsjettframleggget neste haust.

Gratulerer til alle som brenn for trygg ferdsel rundt Stad, og har kjempa for at skipstunnen skal realiserast. Vi er no eitt steg nærmare målet, seier ordførar Lena Landsverk Sande i Vanylven.

ARNE PER ANDERSEN

Arne.Andersen@smp.no

- Verdsarvrådet med nye tiltak for pleie av kulturlandskapet i Geiranger

Blir berga av nabobønder

Gardbrukar Bjørn Helge Rønneberg i Eidsdal slår mellom 150-200 mål i turistbygda Geiranger. No vil verdsarvrådet ha nye og utvida tiltak for å sikre at områda ikkje gror att.

– Eg har ikkje noko anna motiv for å slå på fire bruk i Geiranger, enn at eg treng føret, seier einærleg gardbrukar på Rønneberg.

Men like fullt er han med på å pleie kulturlandskapet i turistbygda, og det er heilt avgjerande for at Geiranger kan behalde sin status som verdsarvområde, seier Arne Sandnes, leiar i Verdsarvrådet.

Nokre tiltak er allereie innført for å motivera til gardsdrift her, men Verdsarvrådet meiner dette ikkje er godt nok, og har leigd selskapet Agri Analyse til å utarbeide forslag til fleire og forbetra tiltak.



EIDSDAL: Arne Sandnes (til venstre) og Bjørn Helge Rønneberg diskuterer dei nye tiltaka for landbruket. FOTO: TERJE ENGÅS

Nye og betre tiltak

Det har dei no kome med, og tiltaka er allereie vedteke av Verdsarvrådet.

Denne veka presenterte Sandnes tiltaksplanen for bøndene i Eidsdal og Norddal. Dei få bøndene som framleis driv på i mindre skala i Geiranger, var også inviterte, men var ikkje til stades.

– Denne pakken av tiltak inneholder fleire element som bør kunne skape ny optimisme og gje grunnlag for ei styrking av landbruksmiljøet og rekruttering til eit småskala husdyrbruk i verdsarvområdet. I tillegg inneholder pakken ei betydeleg oppgradering av tilskotsmidlane til ulike ordningar, fortel Sandnes.

Dei føreslår å innføre etableringsstipend, ryddetilskot til fjerning av skog, gjettartilskot, innføre beitering, tilby miljøbidrag, stimulere til sal av eigedomar som ikkje er i bruk, eller legge til rette for bortleige av slik eigedom, gje ei betydeleg støtte til bygging av nye produksjonsbygg, og innføre ei kraftig styrking av dagens

satsar for beitebidrag og arealbidrag.

Meir enn dobling

I dag blir det betalt ut ca. fire millionar kroner til bønder i området. Verdsarvrådet føreslår at dette blir meir enn dobla, til ca. 9,4 millionar kroner.

– Dette vi føreslår no er sjølv sagt ikkje godt nok. Men vi meiner dette er det som er realistisk å få gjennomslag for – og noko som vil ta oss eit godt stykke på veg. No blir det vår oppgåve i Verdsarvrådet å få dei statlege styresmaktene til å finansiere tiltaka. Då må vi i samtalar med fleire departement, seier Sandnes.

Gardbrukar Bjørn Helge Rønneberg hoppar ikkje i taket av forslaga:

– Dette er betre enn ikkje noko, men for min del vil tiltaka berre utgjere om lag fire prosent av brutto omsetning. Så det er langt ifrå avgjerande, men det vil sjølv sagt hjelpe på. Sannsynlegvis vil tiltaka bety meir for dei som driv med sau.

Rønneberg legg til at det er

utfordrande å skulle slå i Geiranger for deretter å frakte graset opp Ørnesvingane:

– Eg brukar helst å køyre graset heim om natta. For då er bilane borte frå vegane.

Inspirert av Sveits

Når Verdsarvrådet no kjem med desse forslaga til tiltak så er dei sterkt inspirerte av sveitsisk landbruk. I Sveits står mellom anna lokal matproduksjon, spreidd busetnad, biologisk mangfald og pleie av kulturlandskapet sterkt i befolkninga, politikarane inkludert. Ja, det står til og med i grunnlova deira at Sveits skal ha eit eige landbruk.

– Mellom strakstiltaka ser vi det som viktigast no å få opp investeringar på gardsbruk og modernisering av driftsbygningar, slik at dei speglar dagens krav til dyrevelferd og arbeidsmiljø for bonden. Forslaget er at det blir innvilga investeringstilskot på opptil 75 prosent ved oppgradering av driftsbygningar, heiter det i rapporten frå Agri Analyse. Verdsarvrådet er



ATTGROING: Aktive bønder i Eidsdal bidrar til å sikre at nabobygda ikkje gror att. FOTO: TERJE ENGÅS

heilt einige. Petter Melchior, ein av gardbrukarane som var til stades på presentasjonen, var oppteken av at dagens ordning er urettferdig. For det er berre dei bøndene i nabobygdene som slår i Geiranger eller har beitedyr der, som får tilskot. Melchior meiner at alle bøndene i randsona burde vere omfatta av ordninga.

Arne Sandnes er einig:

– Også bøndene i bygdene rundt verdsarvområdet bør få dei same tilskota, seier han.

Turistnæringa

Dersom Geiranger gror att vil området bli mindre attraktivt for turisme. Vil turistnæringa vere med på eit spleislag? Ja, trur Arne Sandnes:

– Eg har vore i kontakt med det største cruisereiarlaget i verda, Carnival Cruise Lines. Dei stilte seg positiv til å vere med på å bidra til pleie av kulturlandskapet. Dei vil ikkje at det skal gro att.

TERJE ENGÅS
te@smp.no